

# 1. høyring oppstart

9.7



Fv. 61 i Vanylven kommune  
2011/342 AARRAN

Statens vegvesen

13. JULI 2011

Vanylven kommune  
Rådhuset  
6143 FISKÅBYGD

EMNE  
h12  
Q21

Behandlende eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Terje Lindstad - 71274194

Vår referanse:  
2011/108812-002

Dykkar referanse:  
2011/342 - 3837/2011

Vår dato:  
11.07.2011

## Fv. 61 i Vanylven kommune - Gang- og sykkelveg Åheim - Uttale ved varsling om oppstart av planarbeid

Vi viser til varsel datert 4. juli 2011 om igangsetting av planarbeid.

Som opplyst i Dykkar brev står bygging av denne gang/sykkelvegen så langt ned på prioritetslista at det førebels ikkje er sett av midlar til regulering av denne gangvegen i fylkeskommunen sitt planleggingsbudsjett. Men vi reknar med at den planlegginga som no startar opp vil skje i nært samarbeid med More og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen.

Vi er einige i vurderinga om at når det skal utarbeidast reguleringsplan for denne gangvegen no bor dette vere ein detaljreguleringsplan etter pbl. §12-3. Vi er vidare einige i at gangvegen bør ligge på vestsida av fv.61 fram til Thuekrysset, men trur at gangvegen også bør ligge på vestsida vidare sørover. Det vil gi minst behov for å krysse fv. 61, og ein gangveg på motsett side vil truleg også kome i konflikt med den til dels smale randsona mot elva.

Planen må vise løysingar for busstopp som oppfyller krava til universell utforming.

Eventuelle planar om rundkjøring i krysset nord for bruva over Åheimselva får vi vurdere nærmare dersom det blir skissert løysingar for dette med ein akseptabel geometrisk utforming. I utgangspunktet ser dette vanskeleg ut, i alle fall dersom ikkje eit bustadhuset i kryssområdet blir innløyst og revet.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

Kjetill Kjersem  
seksjonsleiar

Terje Lindstad

Terje Lindstad

Kopi: More og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Fylkesmannen i More og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon: 815 44 040  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Bjørnstjerne Bjørnsons veg 6  
6412 MOLDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Reknskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

# 1. høyring oppstart

Page 1 of 1

9.2

Åheim Bygdeutvikling (ÅBU)  
6146 Åheim

Åheim bygdeutvikling har sidan oppstarten av foreninga i 2007 jobba med saka om få den naudsynte gang og sykkelvegen på Åheim sakskartet. ÅBU har delteke på møter og synfaringar som har vore på staden dei siste åra. Styret i ÅBU meinar ein må sjå på ei heilheiteleg løysing for krysset og brua. Slik vi forstod Vegvesenet på synfaringa i 2009, meinte ei der at det var naudsynt å rive huset som i står i krysset for å frigjere plass (eigd av Sparebanken Møre). Om dette vert tilfelle, er nok ei løysing med kryssing av elva på austleg side den mest fornuftige. Når det gjeld plasseringa av gang og sykkelvegen mot Kriken meinar ÅBU at ein her bør sjå på mogelegeheta i å føre gang og sykkelvegen langs elva som har gitt byda namnet sitt. Ei slik løysning ville gje gang og syklande ein fantastisk naturopplevelse. Ein ville kome i kontakt med elva som eit element på ein heilt annan måte enn om den vert plassert i nær tilknyting mot riksvegen. Elva har dei par siste åra teke seg enormt opp som sportsfiskeelv, og er blant dei beste elvane i fylket. Ei løysning med gang og sykkelveg langs elva ville opne for mindre ressursterke personar feks funksjonshemma i rullestol, eldre med røyslehemmingar, eller små barn. ÅBU meinar at om ein har ei gjennomtenkt løysing her, vil ikkje det gå på bekostning av hovedhensikta med Gang og sykkelveg på Åheim, nemlig sikkerheit til dei gåande og syklande. I saksutgreiinga vert det påpeika at tiltaket er prioritert som nr 46 på fylkesoversikta. Vårt spørsmål vert derfor: Ville ein kunne hente midlar/verte prioritert annleis med ei slik tilnærming av tiltaket?

ÅBU vil takke planavdelinga for kjempeflott arbeid så langt, vi vil gjerne bidra om ein har bruk for oss i den vidare prosessen.

For styret i ÅBU  
Jermund Rekkedal  
Sekretær

---

This email has been scanned by the MessageLabs Email Security System.  
For more information please visit <http://www.messagelabs.com/email>

---

1

# 1. høyring oppstart

Barnerepresentanten i Vanylven  
Bodil Holsvik

Sylte 22. juli 2011

9.3

Vanylven Kommune  
Plan- og utviklingsavdelinga  
6143 Fiskå

## Varsling om oppstart av planarbeid – Gang- og sykkelveg Åheim

Syner til høyring gjeldande sak 2011/342 og har som barnerepresentant for Vanylven kommune fylgjande kommentarar:

### Vegkrysset

Det er gledeleg at det vert sett i gang arbeid med å trafikksikre dette svært farlege krysset både for gående og køyrande. Sjølv om krysset er relativt ope, er det likevel svært uoversiktleg då FV 1 frå dalane til sentrum ikkje ligg i direkte linje til kvarandre. Her burde vere rundkøyring og trygge fotgjengarovergangar. Reknar med at dette vert teke med i gjeldande detaljplan til seinare planarbeid.

I dag er der fotgjengarovergang over FV 61 mot nord. Denne ligg godt unna krysset, og gående treng berre orientere seg om trafikk frå FV 61 før kryssing. Det er relativt trygt for gående/syklande å krysse denne vegen ved denne overgangen. Ved ei evt. rundkøyring vil det også vere enklare for bilstane frå sør å stoppe opp for fotgjengarovergangen?

### Gang- og sykkelveg

I saksdokumenta kjem det fram at det ikkje er heilt klarlagt på kva side av vegen ein gang- og sykkelveg skal gå. Bygdegruppa på Åheim har ønske om å legge den på vestsida av bruа fram til Thuekrysset og vidare på austsida mot Kriken.

Dette alternativet er trygt for barna når dei skal orientere seg mot butikkar og sentrumsområdet. Detaljplanen syner ikkje kvar ei evt. kryssing av vegen ned mot sentrum skal vere. Området utanfor Spar, bensinstasjonen og mot Coop-butikken er trafikkfarleg. Her er heile tida mykje trafikk i tillegg til at området også er busshaldeplass. Er usikker på om det er plass til ein fotgjengarovergang her? Dersom gangvegen skal gå på vestsida av bruа, er det ein føresetnad at det vert gjort noko med trafikktilhøva ved bensinstasjonen/Spar-butikken og at det vert trygt for barna å krysse denne vegen. Val av dette alternativet gjer at barna frå Kriken-sida må gå over tre fotgjengarovergangar før dei kjem seg til skuleområdet.

Det som ville vere mest teneleg, var at der var gang- og sykkelveg på begge sider av bruа. Det er fordelar og ulemper knytt til val av berre ei side alt etter om ein vel å orientere seg mot sentrum eller mot skule/fritidsområda/boligområda .

Som barnerepresentant vel eg å tru at barna er mest orientert mot det sistnemnde og kjem med framlegg om at gang- og sykkelvegen vert lagt på austsida av bruа.

Å krysse fylkesveg 61 ved fotgjengarovergang ved Thuekrysset bør vere oversiktleg både for barna på Thue og dei som kjem frå Kriken-sida. Reknar med at overgangen vert lagt nord for krysset.

Etter gang- og sykkelveg på austsida av bruа, må barna krysse FV 1 (mot dalane). Her må vere fotgjengarovergang. (Denne vegen er i dag mindre trafikkfarleg enn vegen ned mot sentrum sidan her er mindre transporttrafikk frå oliven-anlegga.) Barna har vidare trygg veg til skulen, skuleplassen, Olivinhallen og boligfelta ovanfor skulen. Skal barna til sentrum, må dei krysse FV 61 i noverande fotgjengarovergang. Denne er også relativ trygg, og barna kjem direkte inn på gangveg mot sentrum.

Uansett utfall av kva side gang- og sykkelvegen skal vere på, bed eg om at det vert teke nøyde omsyn til barna i dette trafikkfarlege området.

Med helsing

Barnerepresentanten i Vanylven  
Bodil Holsvik



1. høyring oppstart



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Overingeniør Lars Kringstad, 71 25 84 50

Vår dato  
16.08.2011  
Dykkar dato  
04.07.2011

Vår ref.  
2011/4944/LAKR/421.4  
Dykkar ref.

Vanylven kommune  
Rådhuset  
6143 Fiskåbygd

9.4

VANLYVEN  
Saksnr 2011/342  
AARRAN  
10.08.2011

Akkivitet	EMNE
Kassering P	W12
Kassering S	Q21

## Vanylven kommune - reguleringsplan gang- og sykkelveg Åheim - oppstart

Fylkesmannen ser positivt på at det no blir sett i gong planarbeid for gang- og sykkelveg på denne strekninga.

Elva og elveosen er registrert som ein viktig naturtype (sjå [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)). Ved kryssing/nærføring til elva må det derfor takast særleg omsyn til desse naturverdiane, ved at eventuelle inngrep blir gjort så små og skånsame som mogleg.

Kommunen må også gjennomføre ei ROS-analyse som del av saksførebuinga. Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for ROS-analyse i saker av denne storleiken. Sjekklista ligg under fylkesmannen si heimeside på følgjande nettadresse: [www.fmmr.no/sjekkliste](http://www.fmmr.no/sjekkliste)

### Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at det blir tatt omsyn til desse i den vidare planlegginga.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Lars Kringstad  
overingeniør

### Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens vegvesen, Region midt  
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde

✓

1. høyring oppstart

9.5

Vanylven kommune  
Rådhuset  
6143 Fiskå

VANYLVEN KOMMUNE	
Saksnr. <u>2011/342</u>	Sakshands. <u>AARBAAN</u>
Løpenr.	Dok.nr.
23 AUG 2011	
Arkivdel	<b>EMNE</b>
Klassering P	<u>L12</u>
Klassering S	<u>G21</u>




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2011/342	04.07.2011	40001/2011/REGULERINGSPLAN/1511	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 25 82 91	18.08.2011

## **Vanylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan for gang- og sykkelveg Åheim - fråsegn ved varsel om oppstart**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader.

Med helsing

  
Johnny Loen  
plansamordnar

  
Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt  
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

9.6

Innspel til Oppstart av planarbeid- Gang og sykkelveg Åheim.

Vi meiner gangvegen må ligge på elvesida.

Ein gangveg på andre sida av vegen (Vest) vil ta mykje areal av parkeringsplassen til Åheim Misjonshus. Og det kan vi ikkje godta og misse.

Mvh

Åheim Indremisjonsforening

V/Jon Sivert Thue

---

This email has been scanned by the MessageLabs Email Security System.  
For more information please visit <http://www.messagelabs.com/email>

---

✓

1. høyring oppstart



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat

Vanylven kommune  
6143 FISKÅBYGD

9.7

VANYLVEN KOMMUNE	
Saksnr 2011/342	AARRAN
Øppen	Dek.nr.
31 AUG. 2011	
Arkivdei	EMNE
Klassering P	L12 Q21
Klassering S	

Vår dato: 29 AUG. 2011

Vår ref.: NVE 201104847-4 rv/toot

Arkiv: 323

Sakshandsamar:

Dykker dato:

Terje Systad

Dykker ref.:

22 95 95 59

## Innspel til oppstart av reguleringsplanarbeid - Gang- og sykkelveg - Åheim- Vanylven kommune

Vi syner til sak om oppstart av detaljreguleringsarbeid for gang og sykkelveg i Åheim, Vanylven kommune.

NVE vil minne på at vi er høringspart i saker som gjeld vårt ansvarsområdet. I arealplansaker/dispensasjonssaker gjeld dette skred, flaum og saker knytt til vassressurslova.

Det bør i planarbeidet i størst mogleg grad takast omsyn til elvemiljø og kantsoner. Vi syner til §11 i vassressurslova om kantsoner. Dersom planen legg til rette for tiltak i sjølve vassdraget må det gjerast greie for om det er knytt ålmenne interesser til vassdraget og om/korleis tiltaket ev påverkar desse ålmenne interessen.

Med helsing

G. Brakestad

Gunnstein Brakestad  
regionsjef

Terje Systad

Terje Systad  
avdelingsingeniør

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 MOLDE

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto 7694 05 08971

Hovedkontor  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Region Midt-Norge  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

Region Nord  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

Region Sør  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

Region Vest  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

Region Øst  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

# 1. høyring oppstart

V	VANYLVEN	KOMMUNE
Saknr:	2011/342	AARRAU
Lepnr:		
Arkivdok:	EMNE	
Klassering P:	L12	
Klassering S:	Q21	



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

9.8

Vanylven kommune  
Rådhuset  
6143 FISKÅBYGD

Dykkar ref: Dykkar dato: Vår ref: Vår saksbehandlar: Vår dato:  
52606/2011/REGULERINGSPLAN/1511 Øyunn Kleiva, 71 25 88 67 27.09.2011

## Innspel ved oppstart til planarbeid. Gang- og sykkelveg Åheim, Vanylven kommune

### Kulturminne

Vi vonar det er betre med eit seint innspel enn at underståande informasjon kjem fram ved offentleg høyring.

På Åheim finn vi innanfor planområdet ei eldre stove frå gbnr 46/4 (SEFRAK-idnr 15110007042, bygningidnr 1792648549). Stova er oppsett før 1870 og eldste delen kom då moglegvis frå Årvik. Stova der det ei tid og var telegrafstasjon. Stova hadde under Sefrakregistreringa høg eigenverdi og vi tek det for gjeve at planlegginga av gang- oog sykkelveg tek omsyn til denne.

Det har vore funne ein flintdolk på Åheim gnr 46 bnr 19, dvs innanfor planområdet. Det er og registrert ei kokegrop tilknytt skuleområdet, men utanfor planområdet. Ingen freda fornminne er idag kjent innanfor planområdet til gang- og sykkelvegen, men funna på Åheimsida vitnar om eit visst potensial for slike funn. Spørsmålet er berre om dei aktuelle areala her er uforstyrra, så tett i veg og anlegg som dei ligg. På Tuesida kan det vere eit visst potensial, men iall hovudsak reknar vi sjansane for å gjere funn så nærmre elva for låge. Dette handlar og om på kva side av vegen gang- og sykkelvegen hamnar. Vi vonar å få til ei synfaring ved offentleg høyring slik at vi får dette heilt klarlagt. Uansett er dette eit kort strekk som raskt vil kunne registrerast (maks eitt vekeverk felt, samt rapport mm ca kr 60.000). Eventuelt registreringskrav kjem først i samband med offentleg høyring, men dersom kommunen ynskjer slik avklaring i haust, ber vi dykk ta kontakt snarast.

Med helsing

Bjørn Ringstad

Bjørn Ringstad  
fylkeskonservator

Øyunn Kleiva

rådgivar/arkeolog

e. 1. høyring oppstart

Terje Kolstad

Leiar plan-og utviklingsavd

Vanylven kommune

6143 Fiskå

9.9

VANYLVEN KOMMUNE	
Saksnr	2011/342
Løpenr	
25.7.2011	
Arkivdel	EHNG
Klassering P	W12
Klassering S	

### Merknad til Planarbeid på Gang- og sykkeveg på Åheim

Viser til sak 2011/342 verdrørande oppstart av Planarbeid - Gang- og sykkelveg på Åheim.

Vi ser at tidlegare planlagde gangveg frå krysset ved Misjonshuset mot Skorge no er teke ut av planen. Som oppsitjar ved FV 620 ser vi dette som lite teneleg. Kvar dag er her ca 10 ungar som ferdast på denne trafikkfarlege vegen. Fartsgrensene på den akuelle strekket er på 60 og 80 km/time og her er til dels uoversikteleg. Vi bed om at den planlagde gang- og sykkelvegen vert teken inn att i prosjektet langs FV 620.

Mvh

Silvi B. Hellebust.  
Tormy Hellebust.  
Inger. Anne Eide Bj. seth  
Arne Strand  
Berit Thue  
Bryn Stein  
Røstvål Thue  
Rilly Meland  
Leif Lovold.  
Elias Bakkebotn  
Rønne-Kirsten Bakkebotn  
Kirsti Hansen Brænne

Stig Rune Lovold  
Magnar Flahjem  
Tore Ivar Bakkebotn  
Tore Bjørneseth.

J

2. høyring oppstart



Statens vegvesen

Vanylven kommune  
Plan- og utviklingsavdelinga  
6143 FISKÅBYGD

9.1

V	VANYLVEN KOMMUNE
Saksnr.	2012/26
Lopenr.	SakA2012
18 JAN 2012	
Arkivdel	EMNE 2
Klassering P	L13 Q21
Klassering S	

Behandlende eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Per Woldstad - <tomt>

Vår referanse:  
2011/108812-007

Dykkar referanse:  
193/2012/L13

Vår dato:  
16.01.2012

## Fv 61 i Vanylven kommune Detaljregulering for Åheim - Gang- og sykkelveg - ny, endra varsling om oppstart av planarbeid

Viser til nytt oppstart for detaljregulering av gang- og sykkelveg på Åheim, brev datert 10. januar 2012.

Vi har tidlegare i brev av 11. juli 2011, uttalt oss til oppstartsmeldinga for gang- og sykkelvegen langs fylkesveg 61 fra Åheim og sørover til Kriken. Strekninga er på ca. 845 m. No er planen utvida til også å omfatte strekninga frå krysset fylkesveg 61/ fylkesveg 620 til kommunal avkjørsle til Thue.

Forutan våre tidlegare merknader, ber vi om at ein også regulerer nok areal for ei ev. framtidig utviding av busslomma ved fylkesvegkrysset med plass til leskur i bakkant av g/s-vegen. Ein bør også vurdere å regulere inn busslomme ved avkjørsla lengst sør i planen. Vi ber om at ein tek kontakt med busselskapet for ei nærmere vurdering av behovet på denne plassen.

For å unngå fotgjengarkryssing på fylkesveg 620 både i kryssområdet ved fylkesveg 61 og til den kommunale avkjørsla til Thue, bør gang- og sykkelvegen langs fylkesveg 620 plasserast på nordsida. Det kan sjølv sagt vere andre moment på denne strekninga, som gjer ei slik løysing vanskeleg å få til.

Utover dette har vi ikkje merknader til oppstarsmeldinga.

Plan- og trafikkseksjon  
Med helsing

Ole Jan Tønnesen  
sekjonssjef

Per Woldstad

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon: 815 44 040  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

## 2. høyring oppstart

Barnerepresentanten i Vanylven  
Bodil Holsvik

9.3

Sylte 11.01.2012

Vanylven Kommune  
Plan- og utviklingsavdelinga  
6143 Fiskå

### **Varsling om oppstart av planarbeid – Gang- og sykkelveg Åheim**

Syner til høyring gjeldande sak 2011/342 og 116/20011. Sidan her er kome til nye utspel, bed eg om at min uttale datert 22.juli 2011 vert erstatta av desse kommentarane:

#### **Vegkrysset**

Det er gledeleg at det vert sett i gang arbeid med å trafikksikre dette svært farlege krysset både for gående og kjørerende. Sjølv om krysset er relativt ope, er det likevel svært uoversiktleg då FV 1 frå dalane til sentrum ikkje ligg i direkte linje til kvarandre. Her burde vere rundkjøring og trygge fotgjengarovergangar. Reknar med at dette vert teke med i gjeldande detaljplan til seinare planarbeid.

I dag er det fotgjengarovergang over FV 61 mot nord. Denne ligg godt unna krysset, og gående treng berre orientere seg om trafikk frå FV 61 før kryssing. Det er relativt trygt for gående/syklande å krysse denne vegen ved denne overgangen. Ved ei evt.rundkjøring bør det vere enkelt for bilistane frå sør å stoppe opp for fotgjengarovergangen.

#### **Gang- og sykkelveg**

Ideelt sett burde her vere gang- og sykkelveg på begge sider av bruhaugen. Etter innspel om gangveg også til Thue og at dette området vil verte eit boligområde, har eg sett på planen på nytt.

#### **Gangbru på vestsida av bruhaugen**

Elevane frå Thue får gangveg på nordsida frå Thue mot RV 61. Dei held fram på gangveg over bruhaugen og treng overgang til området utanfor Spar, bensinstasjonen og mot Coop-butikken. Dette området er trafikkfarleg. Her er heile tida mykje trafikk i tillegg til at området også er busshaldeplass.

Kan det lagast trapp ned til fiskeplassen for funksjonshemma?

Kan ein lage undergang mot Spar?

Kan elevane gå under bruhaugen og kome opp til ny overgang ved FV 1 (mot dalane) og såleis kome trygt til skulen/Olivinhallen/boligområda?

Elevane frå Kriken må få gang- og sykkelveg på vestsida av FV61. Dette inneber overgang frå Kriken-krysset til vestsida av FV 61. Vidare overgang i Thuekrysset for så å kome inn på gang- og sykkelveg vidare mot sentrum. Vidare ferdsel som for elevane på Thue.

Med helsing

Barnerepresentanten i Vanylven  
Bodil Holsvik

✓

2. høyring oppstart

2012/26 27 JAN 2012  
Arkivsaksnr: 2012/81 - Dok. 2. SANGUD  
Arkiv: EMNE 2 : L13 AARRAN  
G13/Q21

Saksnr.	Løpenr/arkiv	Papirkopi: J. Helgøy, O.y. Løvoll	Dykkar ref.	Avd/Saksansvarleg	Dato
2012/26	193/2012/L13			PLU/AARRAN	27.01.12

9.10

## GANGBRU/GANGVEGAR

### THUE PÅ ÅHEIM

Bebuarane på Thue/Skorge vart invitert til eit møte på Åheim Misjonshus 18.01.2012. Målet med møtet var å få ein felles uttale om kvar ein ønsker framtidig gangbru/gangveg plassert.

Konklusjonen på møtet var at det primære for bebuarane er trygg skuleveg for borna. Det er dette som ligg til grunn for valgt plassering.

#### Uttalen frå møtet vart som følger:

Bebuarane på Thue/Skorge vil primært ha gangbru på austsida av noverande bru. Denne gangbrua må forlengast med gangveg til FV 1 og gangfelt over denne.

FV 1 har kun lokal trafikk i motsetning til FV 61 som er ei gjennomfartsåre. I det uoversiktlige Åheimskrysset er det derfor mykje betre å kryss FV1.

På sørsida av elva bør gangvegen ligge mot elva fram til vegen mot Kriken. Gangvegen som skal følge FV 620 mot Skorge, bør følge sida mot elva til kommunevegen mot Thue. Det blir då ei kryssing av FV 61 ved Misjonshuset, men det er ei rett og oversiktig strekning.

2. høyring oppstart

Det meste av aktiviteten på fritida for barn er lagt til skule og idrettshall, denne løysinga vil føre til enklast tilkomst til desse.

Denne plasseringa vil og vere best tenleg for dei som går trimturen «bygda rundt» som er mykje brukt på Åheim.

Dersom gangbrua blir plassert på vestsida av noverande bru, så vil vi kreve at det blir bygd ein undergang for gåande og syklande ved Åheimskrysset. Ei gangbru på vestsida vil kreve at alle skuleborna som skal til Thue må krysse vegen ved Åheimskrysset både morgen og ettermiddag. Dette må skje på ein trygg måte og då er undergang einaste løysinga.

Vi har venta lenge på å få ei god løysing for dei mjuke trafikantane i området ved Åheimskrysset. Derfor håpar vi at det er forståelse blant politikarar og Vegvesenet for at vi vil komme med vår mening i denne viktige saka.

For oss er det kun tryggleiken til barna våre som er viktig.

For oppsitjarane på Thue

Arne Strand

## 2. høying oppstart

### Resepsjon

Fra: Knut Ingvald B?strand [knut-b@bikerider.com]  
Sendt: 28. januar 2012 00:28  
Til: Resepsjon  
Kopi: "Ottar Løvold"  
Emne: Vedrørande reguleringsplan, gang og sykkelveg Åheimkrysset - Thue/Kriken

9.11

30 JAN. 2012 Saksnr 2012 / 26 AARRAN

Hei.

Arkiv EMNE 2  
L 13 & 21

Innspel vedrørande reguleringsplan, gang og sykkelveg Åheimkrysset - Thue/Kriken

Åheim Bygdeutvikling avholdt styremøte Onsdag den 25.Feb på Åheim skule.  
Der vart det vedtatt at vi stiller oss bak ønsket som oppsittjarane på Thue/kriken  
v/Arne Stranden har overlevert Vanylven kommune (sjå kart som Arne Stranden har levert vedlagt innspelet).  
Dette fordi vi ser denne løysinga som den mest tenelige for skuleborn og gåande,  
(gangbru og gangveg på dalasida av vegen/brua, med kryssing av FV1 ved hjelp av fotgjengarfelt).  
med tanke på trafikksikkerheta.

På vegne av Åheim Bygdeutvikling

Knut Ingvald Bøstrand  
Leiar.

---

This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.  
For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>

---

✓

*2. høgning oppstart*

Kirsten og Tormod Hvattum  
6146 Åheim

Til Vanylven kommune  
Rådhuset  
6139 Fiskå

VANYLVEN KOMMUNE	
Saksnr. 2012/26	SAKSENTRUM
Lopenr.	Dok.nr.
06 FEB 2012	
Arkivdel	EMNE 2
Klassering P	L13 Q21
Klassering S	

9.12

### Merknad til detaljregulering for Åheim – Gang og sykkelveg Thue – Kriken

Vi viser til brev fra Vanylven kommune datert 10.1.12 om gang og sykkelvei fra Thue og Kriken.

Vi er helt enig i at det også planlegges gang og sykkelvei langs fylkesvei 620 til krysset med kommuneveien til Thue. Dette er en farlig veistrekning med relativ stor trafikk. Gang og sykkelveien må gå på nordsida av fylkesveien til krysset med fylkesvei 61.

I dette krysset må det lages et fotgjengerfelt slik at gang og sykkelveien fortsetter nordover langs fylkesvei 61 på østsida av veien. Vi mener også at det er svært viktig at det blir bygd gang og sykkelvei videre sørover mot Kriken.

Videre må gang og sykkelveien fortsette til elva, og det må bygges ei ny gangbru på østsida av eksisterende bru. Gang og sykkelveien fortsetter deretter igjennom krysset med kryssing av fylkesvei 1, med gangfelt omlag ved Hatlegjerde.

Grunnen til at vi mener at det er viktig at gangveien og brua skal gå på østsida av fylkesvei 61 og eksisterende bru er at vi mener at hovedhensikten med dette prosjektet er å ta vare på de barna som skal ferdes til og fra skolen, og sikre de en trygg skolevei. Med gang og sykkelvei på motsatt side vil man få en svært vanskelig og utsynlig kryssing i hovedkrysset på Åheim. Dette kan man selvsagt løse med å bygge en undergang i krysset., men det mener vi ikke er særlig realistisk

At gang og sykkelveien og brua bygges slik vi nå har beskrevet er så viktig for oss at vi som grunneiere vil være positive til å avstå grunn til et slikt prosjekt. Hvis gang og sykkelveien bygges på motsatt side, og fortsetter mot Kriken vil grunnavståing fra vår eiendom bli svært vanskelige.

Hilsen Kirsten og Tormod Hvattum

*(Handwritten signature)*

2.høyring oppstart



9.13

NHF Vanylven

VANYLVEN KOMMUNE	
Saksnr.	2012/26
Løpenr.	KARRAN
08 FEB 2012	
Arkivdel	EMNE 2
Klassering P	L13 Q21
Klassering S	

## Sak 1/2012: Gang/sykkelsti på Åheim

Merknad til høyring. Ny endra varsling om oppstart av planarbeide gang og sykkelsti på Åhem.

**VEDTAK:** Handikaplaget bed om at gang/sykkelsti blir lagt på utsida av bruа, så breid at to barnvogner/rullestolar kan møtast, og at gang/sykkelstien vidare, sjølvsagt, blir lagt på samme side.

✓

2. høying oppstart

Vanylven kommune  
Rådhuset  
6143 Fiskå

VANYLVEN KOMMUNE	
Saksnr. 2012/26	SAKSPÅRAN
Løpenr.	Dok.nr.
09 FEB 2012	
Arkivdel	EMNE 2
Klassering P	L13 Q21
Klassering S	



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

9.8

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2012/26	10.01.2012	2389/2012/REGULERINGSPLAN/1511	Kristian Hole Fløtre, tlf. 71 25 82 94	08.02.2012

## **Vanylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan for gang- og sykkelveg Åheim - fråsegn til revidert varsel om oppstart**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Automatisk freda kulturminne**

Vi viser til førre innspel til oppstart og har ingen tilføyinger utover at nytilkomne areal også må vurderast i forhold til arkeologisk registrering og at dette vil kunne påverke omfanget av og dermed også kostnaden med registreringa noko.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre  
rådgiver

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Øyunn Kleiva tlf 71258867 mobil 95945835

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

✓

2. høyring gjortatt

10 FFA 2012

Resepsjon

saksnr. 2012/26 -  
Arkiv EMNE 2  
L13 Q21

AARRAN

Fra: JON SIVERT THUE [jon.sivert@online.no]  
Sendt: 10. februar 2012 10:03  
Til: Resepsjon  
Emne: MERKNAD TIL DETALJREG. FOR ÅHEIM SAK 2012/26

9.6

MERKNAD TIL DETALJREGULERING FOR ÅHEIM -GANG OG SYKKELVEG SAK 2012/26

ANG GANGVEG FRÅ KRYSSET VED MISJONSHUSET TIL AVKØYRING TIL THUE.

Vi på Åheim Misjonshus (Åheim Indremisjonsforening) kan ikke godta og få gang og sykkelveg forbi huset, på framsida der inngangspartiet er. Vi meiner der er alt for liten plass. Ved brøyting vil snøen ligge langt opp på vindua.

Løysing er slik vi ser det å legge gangvegen bak misjonshuset på marka til Magnar Åhjem. Ev på andre sida av vegen (Tormod Hvattum) til ein har passert misjonshuset å så krysse vegen og vidare på marka til Magnar Åhjem til avkøyring til Thue.

Mvh  
Åheim Misjonshus  
Jon Sivert Thue  
Slagnes  
6146 Åheim  
Tlf 700 24318  
Mob. 411 40389  
[jon.sivert@online.no](mailto:jon.sivert@online.no)

This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.  
For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>

V

2. heving oppstat.



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Seksjonssjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato  
09.02.2012  
Dykkar dato  
10.01.2012

Vår ref.  
2011/4944/JOEI/421.4  
Dykkar ref.

Vanylven kommune  
Rådhuset  
6143 Fiskåbygd

9.4

VANYLVEN KOMMUNE	
Saksnr. 2012/26	Sakshandskriftnr. AARAN
-øppnr.	Dok.nr.
13 FEB. 2012	
Arkivdel	EHNE 2
Klassering P	L13
Klassering S	Q21

## Vanylven kommune

### Reguleringsplan gang- og sykkelveg Åheim –

### Fråsegn til ny endra varsling om oppstart av planarbeid

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen spesielle innspel til planarbeidet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f)  
samordnar

Jon Ivar Eikeland  
sekjonssjef

✓